

Tok mot kundane med frukost.

16.12.2016



Ta deg tid, slapp av og nyt dagen.

Då kundane kom til Spar Uskedalen torsdag føremiddag, fekk dei ein endå betre start på handlerunden enn normalt. Eit frukostdekket bord med ein plakat der det stod: Kjære kunde. Kos deg med frukost. Ta deg tid, slapp av og nyt dagen! Mange nytta seg av tilbodet og fekk ei ekstra god stund i den populære kaffikroken.



[Reidar Myklebust var ein av mange som sette pris på frukosten](#)

Dagleg leiar Bente Nilsen fortel at frukosten kom i stand som ei impulsiv handling. Det var ei av dei tilsette, Inger Høyland Myklebust, som kom med idèen for å gjera noko koseleg for kundane no i førjulstida. Dermed vart det gjort! På frukostbordet var det julabrødsriver med ost, andre brødsriver med både Spar Uskedalen sitt spesiallaga og utsøkte sylteflesk og anna godt pålegg, og oppskoren frukt. Til drikke var det både kaffi og juice.

Kundane sette stor pris på tilbodet, og mange fann roen, slappa av og nytte frukosten til god drøs i kaffikroken. Kundar vi snakka med uttalte seg svært rosande om det flotte tilbodet, som er nok eit godt eksempel på korleis betjeninga i butikken samarbeider til beste for kundane.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Kjersti Børve